

## Handlingsprogram 2023/2024:

### Samhandling og samarbeid med Sunnfjord kommune

SKR har signert ein samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune. Det er viktig å følge opp denne avtalen, og at SKR er i dialog med kommunen også på politisk nivå. SKR er etablert som høyringsorgan, og gjev uttale i aktuelle saker.

### Førdehuset som kulturhus

Sunnfjord kommune har gjennomført ein moglegheitstudie vedteke ein strategiplan. Det er lyst ut trinn 1 og 2 i strategiplanen, Ungdomshubben og Atriet. SKR er framleis ein viktig part i arbeidet, og styret må følgje opp og samhandle godt med Sunnfjord kommune om dette.

### Rekrutteringsarbeid

SKR må arbeide for god rekruttering til dei ulike kulturområda og organisasjonane. Etter den vellukka Frivilligkonferansen i september 2022 er det viktig å følgje opp det arbeidet i 2023 og 2024.

### Synleggjering av kulturmangfaldet i heile Sunnfjord kommune

Det er viktig at kulturlivet i heile Sunnfjord kommune står samla. Her har styret ei viktig oppgåve. Døme her er debatt om Laksen og Kunst i det offentlege rom. Oppfølging av planane i Førdehuset og initiativ til møteplass og kulturverkstad i lokala til Heimeyrkeskulen på Vassenden. Det er viktig at styret er i kontinuerleg dialog med kommunen i alle Kultursaker. Sunnfjord kulturråd skal arbeide for auka samarbeid mellom medlemane og andre frivillige, både organisasjonar og einskildpersonar.

### Finansiering av administrativ stilling, tilsetting og gjennomføring

Det lukkast ikkje for styret å få på plass finansiering av ein administrativ stilling frå hausten 2022 eller våren 2023. Det er viktig at det nye styret jobbar vidare med søknadsskriving slik at vi kan få denne stilling på plass. Denne stillinga vil til dømes få ansvar for å skrive søknadar om økonomisk støtte, og det vil bli enklare for SKR å kunne respondere fortløpande på aktuelle saker i Sunnfjord. I stillinga vil også ligge ansvaret for å gjere SKR synleg gjennom sosiale mediainnlegg i lokalaviser og anna.

### Eablering av Vestland kulturråd

Gjennom møter med Bergen Amatørkulturråd og Askøy kulturråd er vi involverte i eit forprosjekt om å skipe eit kulturråd på regionalt nivå –Vestland kulturråd. Styret stiller seg positive til dette arbeidet og vil framleis følge dette opp.